



**Fjord**  
kommune

## Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

### 1. Behandling av søknadene og fordeling av tilskota

Kommunestyret fastset kvart år ramma til kulturmidlane som ein del av budsjettvedtaket.

Kommunedirektøren fremmar forslag til fordeling. Fordeling av kulturmidlane vert gjort av administrasjonen jf. delegasjonsreglementet - delegering til kommunedirektøren.

### 2. Tilskot kan bli gitt til:

- Alle lag og organisasjonar innanfor kultursektoren som driv aktivitet i Fjord kommune.
- Lag og organisasjonar innanfor kultursektoren som bygg på større geografiske områder, føresett at deira verksemd er av vesentleg betydning for kulturlivet/kulturtilbodet i Fjord kommune.

Dersom ei foreining/ein organisasjon har sjølvstendige under-/særgrupper, vert det berre gitt tilskot etter søknad frå hovudlag. Alle søknader som gjeld undergrupper må koordinerast i ein søknad. Lag og organisasjonar må vere basert på individuelt medlemskap, og i prinsippet vere opne for alle interesserte. Leiinga skal vere valt av medlemane, og ein skal ha vedtekne vedtekter eller lover.

Alle som får tildelt kulturmidlar pliktar å godta ordninga med følgjeteneste. Kjem ein person med nedsett funksjonsevne til eit arrangement med følge, skal følge sleppe inn kostnadsfritt.

**Ved fordeling av kulturmidlar i Fjord kommune, vil lag og organisasjonar som legg til rette for aktivitet for barn og unge bli prioritert.**

### 3. Kulturmidlane vert oppdelt i desse grupperingane:

Søknadsfrist for alle: 1. juni på elektronisk skjema.

#### 3.1 Song og musikk

Driftstilskot vert gitt til lag og organisasjonar som driv musikalsk aktivitet, og som ikkje har kommersielt føremål.

#### 3.2 Idrett

Søknad kan sendast frå lag, foreiningar og grupper som driv idrettsleg aktivitet, og som ikkje har kommersielle føremål. Søknadene i denne gruppa vert sendt til Fjord Idrettsråd for uttale og forslag til fordeling.

### **3.3 Forsamlingshus**

Dette er eit tilskot til drift, ordinært vedlikehald, samt mindre investeringar.

### **3.4 Andre aktivitetar**

Driftstilskot vert gitt til aktivitetar som gjeld alle aldersgrupper og som ikkje kjem inn under pkt. 3.1 – 3.3.

Ta kontakt med Fjord kommune for meir informasjon.